

## Lukta av nybakt trekte mykje folk til julemarknad



**Dei siste 5 – 6 åra har det vore tradisjon å ha julemarknad for Brusdalsheimen i Spjelkavik sentrum første helga i advent.**

**Tekst:** Helge Dimmen  
**Foto:** Privat

Tanken var å lage til ein utandørs marknad med ei koseleg julegate i området rundt Vikakroken. Men veret set av og til ein stoppar for dette. Slik også i år. Difor vart nokre av sals-bodene opp-montert inne på Spjelkavik bedehus, og vi fekk ei flott

julegate der.

Mange gode hjelparar har vore i sving for å førebu denne marknaden. Difor var det rikholdige salsbord som møtte folket som strøymde til fredag ettermiddag.

– Dei mest populære salsvarene er lefser og nybakte bakarvarer i ulike variantar, seier Hilde Giske Lukkedal, dagleg leiar ved Brusdalsheimen.

Ho rettar ei stor takk til alle som har kome med salsvarer og elles vore med og laga til julemarknaden. Det ligg mykje arbeid bak, men det er kjekt når folk møter opp og støttar leirstaden på

denne måten.

Bodene og borda var elles fylte med eit rikt og variert utval av ting du treng eller ønskjer deg til jul. Kortreist mat er alltid populært, og det vart selt mykje heimelaga saft, syltetøy, julekaker, gjærbakst, syltaflesk, snop, og mykje meir. Du kunne også finne masse fine dukar og andre julegave-artiklar.

Fredag ettermiddag vart det koseleg førjulsstemning med musikk ved Godøy Brass. Og folket ga seg god tid ved borda med kaffi og kaker.

Grytidleg laurdag morgon var det igjen nokre som ordna med nysteikte

delikatesser. Så det vart selt både ferskvarer og frosne varer også denne dagen.

– Inntektene desse to dagane passerte kr 118.000, og det er vi kjempofornøgde med, seier Hilde. Ho fortel vidare at pengane mellom anna skal brukast til å bordkle ytterveggane på møtesalen. I fjor vart ein del av inntektene frå marknaden brukt til å setje opp eit sårt tiltrengt lagerbygg. Ho håpar at julemarknaden vert ein årelang tradisjon - helst utandørs, men det viser seg å vere koseleg inne også.

## Fakkeltog for forfulgte kristne

**Måndag 14. november var ein historisk dag i Ålesund sentrum, då det første fakkeltog til støtte for forfulgte kristne gjekk gjennom byens gater.**

**Tekst:** Olaug Lillian Bjørke, områdeleiar for Åpne Dører Sunnmøre

Denne hausten har det vore arrangert fakkeltog i fleire norske byar, i regi av Åpne Dører og Stefanusalliansen. Under fakkeltoga set ein på dagsorden situasjonen til forfulgte kristne, og i år var tema «Der det er farleg å skifte tru»,

med fokus på Iran og Saudi Arabia. Dette er tverrkyrkjelege arrangement, og på Sunnmøre hadde vi gleden av å samarbeide med blant andre Sunnmøre Indremisjon. Krinsleiar Johan Halsne er svært positiv i etterkant av arrangementet: «Det var ei flott oppleving at dei forskjellige «båtlag» som arbeider i Guds rike på Sunnmøre denne kvelden var samla med felles fokus. Det å få vere ein del av eit stort fellesskap på torget, sjå det lange fakkeltoget gå gjennom byen og kjenne fellesskapet i Ålesund kyrkje, glødde mitt indre. Ein slik kveld gjer oss også mykje meir fokusert til

forbønn for våre brødre og søstre som lid for trua si på Jesus».

På Torget introduserte informasjonsleiar i Åpne Dører, Linda Askeland, oss for fakkeltogets tema, før Helge Åkernes hadde ein engasjert appell for dei mange hundre framsmøtte. Det var spesielt å høyre «Deg være ære» runge utover torget, før vi gjekk med tenkte faklar til Ålesund kyrkje. Her hadde vi ei variert og innholdsrik samling, der det tverrkyrkjelege aspektet kom tydeleg til syne. Vi hadde pinsevenar som glødde oss med flott song og musikk, medan forbønnsdelen var

leia av lokale prestar, saman med representantar frå ImF, NLM og pinsekyrkja Filadelfia. Linda Askeland heldt ein inspirerende tale for oss, og prost Sven Klemmetsby hadde eit varmt intervju med ein kristen syrar. Vi fekk også lytte til ein nydeleg persisk song ved Moshdeh Giske, skriven av martyr Haik Hovsepian frå Iran. Under siste allsongen, «Hellig, hellig, hellig», var det som om taket løfta seg av stemmene frå dei 450 framsmøtte. I takksemnd for årets fakkeltog og det vi hadde fått vere med på, kunne vi verkeleg stemme i: «Fader, Sønn og Ånd, all ære være deg!»

# ”Kom inn og gled deg i lag med herren din!”



**Hallvard Emblemvåg**  
Styreleier i  
Sunnmøre Indremisjon

**Vi står framfor** ei ny julefeiring og for dei fleste i misjonen betyr det nokre fridagar, tid til å kvile og å feire saman med familie og vener. For ein kristen er julebodskapen grunnlag for den store feiringa. Etter ein haust i misjonsarbeid på bedehusa og på dei ulike institusjonane, kan det vere godt å ”kome inn og gle seg i lag med herren sin”.

**Å vere trufast** har alltid vore ein sjeldan kvalitet (les Salme 12,2 og Ordtøka 20,6). Er vi trufaste er vi i godt selskap: Abraham, Moses, Samuel, David, Daniel, Timoteus, og Paulus var alle kalla Guds trufaste tenarar.

**Verden definerer** stordom i form av makt, eigedom, prestisje og posisjon.

**Dersom du** får andre til å tene deg, så har du nådd målet. I denne ”ten meg” kulturen og ”meg sjølv først” mentaliteten, er det å vere ein tenar ikkje eit populært konsept.

**Jesus derimot**, målte stordom i form av teneste, ikkje status (Mark. 10,43). Gud ser din stordom ut frå kor mange menneske du tener, ikkje kor mange som tener deg.

**Å vere lik Jesus** er å vere ein tenar. Det var det han kalla seg sjølv.

**Det er viktig** å vite si nådegåve for å kunne tene Gud, men viktigare er det å ha hjerte for teneste. Husk, Gud skapte oss til teneste, ikkje til å vere sjølvstentrert. Utan ein tenars hjarte, vil vi bli freista til å misbruke vår utrustning til personleg gevinst.

**Josef er eit** stort eksempel. Han ville ikkje ha merksemd sjølv, men i det stille tente han Potifar, så fangevaktaren og Faraos bakar, - og Gud, velsigna denne haldninga. Då Farao forfremma han beheldt han sitt tenande hjarte, til og med mot sine brødre som hadde svikta han.

*Å vere lik Jesus er å vere ein tenar. Det var det han kalla seg sjølv.*

*”Bra, du gode og trugne tenar!” svara herren. ”Du har vore tru i lite, eg vil setja deg over mykje. Kom inn og gled deg i lag med herren din!” Matt 25:23.*

*Ynskjer alle ei glad og fredfull julefeiring i lag med Herren!*

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmore  
Ung Misjon: ImF Ung Sunnm  
imfung-sunnmore.no

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne - og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plussreiser**  
Telefon: 70 17 90 00  
plussreiser.no  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosunnmore.no

# Misjonsveke på Møre barne- og ungdomsskule, Herøy



Elevane med Møre barne- og ungdomsskule Herøy gjorde ein kjempeinnsats under misjonsveka.

## Kvart år sidan 2004 har Møre barne- og ungdomsskule, Herøy, hatt innsamling til eit misjonsprosjekt.

**Tekst:** Ståle Tønnesen  
**Foto:** Møre Herøy

Dette året samla vi for første gong inn til eit prosjekt i Sør-Amerika. Det var også første gongen at prosjektet blei tildelt Norsk Luthersk Misjonssamband.

Vi valde eit prosjekt i Peru. Her prøver ein å hjelpe barn, ungdom og familiar som lever i valdsutsette miljø. Mange heimar er prega av alkoholisme og overgrep. Faren har ofte reist frå familien. Evangeliet kan skape forandra liv, og Jesus kan gjere alt nytt.

Misjonsveka på Møre starta med at prosjektet vart presentert på måndag av Andreas Bakke. Han

har vore misjonær i Peru, og han gav ei interessant innføring om landet og folket der. Han fortalde og om arbeidet misjonæranne hadde gjort der sidan 1970-talet.

Vår tidlegare elev, Synne Ulstein som no reiser i barne- og ungdomsarbeidet i NLM, var også med oss denne veka.

Elevane i ungdomsskulen vart delt inn i fleire grupper. Media – gruppa laga flygeblad og plakatar. Dei blei også intervjuva på nærradioen.

Song – og musikkgruppa besøkte sjukeheimen i nærleiken av skulen og glede dei eldre med programmet sitt.

Matgruppa laga mat på kjøkkenet som blei selde til elevane til inntekt for misjonsprosjektet.

Mange barn hadde kjekke opplevingar då dei besøkte misjonstivoliet, og billettinntektene gjekk til misjonen.

Loddgruppa samla inn gevinstar, og laga alt klart til loddsalet på basaren på onsdagskvelden.

Dei siste åra har ein også hatt eit misjonsløp til inntekt for prosjektet. Her kan bedrifter og slektningar til elevane vere med å sponse løpet.

På torsdag hadde alle elevane i ungdomsskulen arbeidsdag der inntekta gjekk til prosjektet. Elevane jobba heime eller ute på ulike arbeidsplassar.

Høgdepunktet var likevel basaren på onsdagskvelden. Idrettshallen var fullsett, og mange måtte stå gjennom heile samlinga. Skulekoret med lærarar og elevar frå første til tiande klasse deltok. Prosjektet blei presentert, og Andreas Bakke tala om den bortkomne sonen.

Etter ei vellukka veka gled elevar og lærarar seg til neste års misjonsprosjekt!



## Julehelsing frå IMF-UNG Sunnmøre

Hilde-Sofie, Mathias og Randi vil sende ei helsing til alle vi har møtt i løpet av denne hausten. Vi har hatt den glede å møte mange barn både på lagsbesøk og på leir. Det er så kjekt å få nye bekjente, men også å treffe igjen dei vi har møtt før. Vi har blitt kjent med livlige barn, barn som er ganske stille og beskjedne, barn som elsker å konkurrere og drive med sport, og barn som trivast best med spel og puslerier. Men det som har samla oss både på leir og lag, er stundene der vi får høyre om Jesus og bli meir kjent med det som står i Bibelen.

Det er flott også å sjå det mangfaldige arbeidet som blir drive på bedehusa rundt omkring på Sunnmøre, og alle dei flotte leiarane som står på for å gi barna det beste. Den innsatsen dei gjer, er gull verdt, og for mange barn vil det ha betydning for verdjar og val i livet vidare. Til deg som er med som leiar;

Tusen takk for tid og omsorg kvar enkelt brukar saman med barn og unge på leir, lag og kor.

Vi håpar å møte mange også i 2017!

Vi vil ønske alle ei velsigna jul og eit godt nyttår!

For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.  
Herreveldet er lagt på hans skulder.  
Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.  
Jes.9,6



## LEIRQUIZ

Svarer du på desse spørsmåla kan du vinne eit gavekort på kr. 200,- som kan brukast på ein av IMF-UNG Sunnmøre sine leirar. Send svaret til: [cf.lauvas@imf.no](mailto:cf.lauvas@imf.no) Frist: 8. januar 2017

1. Kva heiter dei to leirstadane der vi arrangerer leir?
2. Kva klasse må du gå i for å vere med på Minileir?
3. Dersom du går i 5.-7.klasse, kor mange leirar kan du vere med på våren 2017?
4. På kva leirstad arrangerer vi leir for 8.-10.klasse?
5. Kan du namnet på minst ein av dei som arbeider på ein av leirplassane våre?



# LEIR VÅR 2017

## 2. - 4. klasse

### MiniLeir 1

11.-12. februar

Pris: 380kr

### MiniLeir 2

22.-23. april

Pris: 380 kr

Brusdalsheimen



## 5. - 7. klasse:

### Orreneset WinterGames

3.-5. februar  
Pris: 540+100 kr

Brusdalsheimen

### TweensLeir

Pris: 540

24.-26. mars

### JenteLeir

Pris: 730 kr

22.-25. juni

### GutteLeir

Pris: 830 kr

29. juni - 2. juli

## 8. - 10. klasse:

Orreneset

### SkiWeekend

24.-26. februar

Pris: 540+100



### For påmelding:

[www.imfung-sunnmore.no](http://www.imfung-sunnmore.no)

tlf: 70 17 86 73

## Barnegospel-festivalen

2017

Brusdalsheimen

21.-22. januar




Instruktør:  
Vidar Åsebo  
og  
ungdommer fra  
Ålesund Soul Teens

## FAMILIEMØTE

Søndag 22. januar kl.15.00

på Blindheim bedehus

**Sunnmøre Indremisjon  
ønskjer alle sine lesarar  
ei velsigna God Jul  
og eit Fredfylt Nyttår!**



*"Og Ordet vart kjøt og tok bustad hjå oss, og vi såg herlegdomen hans, ein herlegdom lik den ein einbornen Son har frå Far sin, full av nåde og sanning."*  
Joh. 1,14

**Våre avdelingar sender også  
sine jule- og nyttårshelsingar:**

Brusdalsheimen  
Orreneset Misjonssenter  
Radio Sunnmøre  
Daggry barnehage  
Borgund Folkehøgskole  
Møre ungdomsskule  
Møre barne- og ungdomsskule Herøy  
Møre barne- og ungdomsskule Skodje  
Brukt og Nyttig  
Plussreiser AS  
Begravelsesbyrået Sunnmøre AS

**Takk til kvar enkelt som er med  
og støttar arbeidet vårt!**



## **MANNSHELG BRUSDALSHEIMEN**



**13. - 14. januar**

Talar: Per Gunnstein Nes

Valderøykvartetten



Ta kontakt for  
påmelding!

**VELKOMEN!**

### Program:

Fredag:

Kl. 19.00: Opningsmøte

Laurdag:

Kl. 11.00: Bibeltime

Kl. 13.00: Middag

Kl. 14.00: Program

Kl. 18.00: Kveldsmat

Kl. 19.00: Festmøte

Tor Rødset  
m/fl.



Arrangører: Sunnmøre Indremisjon



**ÅRSMØTEHELG**  
Borgund Folkehøgskole  
09.-11.06.2017

**KVINNEHELG**  
Orreneset Misjonssenter  
31.03 - 02.04.2017

**Vi vil rette ein stor takk til  
våre annonsørar!**

Polyform AS  
Havila AS  
Nesbakk  
Møre Forsikring AS  
Welle blomster og gaver AS  
Giskegerde & Furnes AS  
Skodje Auto AS  
AS Nordstrand VVS  
Johan R. Sunde  
Atlantic Marine  
Vigra Bygg AS  
Inst. Perry Remmen AS  
GodøyBygg AS  
Godøy Regnskap AS  
Høyvik Bygg AS  
Valderhaug Rørhandel AS  
FerdBåt AS  
Norwegian Handling & Safety AS  
Gard Maskin AS  
Plussreiser AS  
Begravelsesbyrået Sunnmøre AS